



Romarheim AS
Alvervegen 25
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1268 - 19/38002

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
17.12.2019

Mellombels bruksløyve - gbnr 195/47 Leiknes

Administrativt vedtak. Saknr: 787/19

Tiltakshavar: Trygve Andås
Ansvarleg søkjar: Romarheim AS
Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeid. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 06.07.2018.

Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.

Ansvarleg søkjar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Sluttarbeid terrengtilpassing
2. Diverse mindre arbeid som er planlagt ferdigstilt i løpet av veke 50/19.

Ansvarleg søkjar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 01.12.2020.

Det vert elles vist til søknad mottatt 02.12.2019, med tilleggskdokumentasjon mottatt 06.12.2019 og 17.12.2019.

VURDERING

Kommunen legg mottatt dokumentasjon til grunn og vurderer at det står att mindre vesentleg arbeid, og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for heile tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.



Før det vert gitt ferdigattest for tiltaket må det dokumenterast at tilkomstveg til eigedomen, veg f_SKV3, er etablert i samsvar med plan, og at mellombels bruksløyve eller ferdigattest for denne ligg føre, jf. løyve gitt i arkivsak 17/1520.

Skildring

Adresse:	
Bygningstiltak:	Riving av eksisterande fritidsbustad Oppføring av ny bustad
Bygningsnummer:	Fritidsbustad med bygningsnummer 176280913 Bustad med bygningsnummer 300693612
Bruksareal:	349 m ²
Avløp:	Offentleg
Vatn:	Offentleg
Tal på røykløp:	0

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for heile tiltaket på gbnr gbnr 195/47 på følgjande vilkår:

- 1. Mellombels bruksløyve gjeld heile tiltaket.**
- 2. Ferdigattest skal liggja føre innan 01.12.2020.**

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. 6Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32. Bygningen eller delar av han må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Romarheim AS
Trygve Andås
Trygve Andås

Alvervegen 25 5911
Storneset 33 5915
Storneset 33 5915

ALVERSUND
HJELMÅS
HJELMÅS

Mottakarar:

Romarheim AS

Alvervegen 25 5911

ALVERSUND